

Regionrådsmøte 3-2021, september

Sak 27/21. Regional næringsstrategi Region Nordhordland – oppfølging av Nordhordlandsrapporten

Mandat regional næringsstrategi Region Nordhordland

1. Status og skildring:

- Våren 2021 vart det utarbeidd ei scenarioanalyse for Region Nordhordland med fokus på framtidig næringsutvikling i regionen. Analysen skildrar ulike framtidsscenario og kjem med tilrådingar for korleis region, kommunar og næringsliv bør jobbe for å oppnå ynskjeleg målbilete.
- Regionrådet ynskjer å følgje opp tilrådingane, og med bakgrunn i scenarioanalyse for Nordhordland (EY), gjorde Regionrådet for Nordhordland i sak 17/21 vedtak om å setje ned ei arbeidsgruppe for å vidareføre arbeid knytt til konklusjonar i Nordhordlandsrapporten.
- **Vedtak i Regionrådet måndag 14. juni 2021, sak 17/21**
 - *Regionrådet vedtar denne organiseringa i arbeidet med oppfølging av scenariorapport Nordhordland:*
 - *Eigar / Styringsgruppe: Regionrådet*
 - *Arbeidsgruppe:*
 - *Baste Tveito, Nordhordland Næringslag*
 - *Hogne Haugsdal, Alver kommune*
 - *Børge Brundtland, Industriutvikling Vest*
 - *Tobby Sander, Osterøy Utvikling*
 - *Ragnhild Undertun, Gulen og Masfjorden Utvikling*
 - *Rune Heradstveit, Region Nordhordland IKS*
 - *Referansegrupper: Det er viktig at arbeidsgruppa forankrar arbeidet godt undervegs, og har møte og dialog med formannskap / næringsutval, rådmannsutvalet, næringslag/næringssselskap m.v.*
 - *Arbeidsgruppa tar tak i dei utfordringane som ligg i scenariorapporten, konstituerer seg sjølv og kjem tilbake med mandat, tidsplan m.v. i neste møte i Regionrådet.*

2. Mål og rammer:

- **Målsetjing:**
 - Skape ein tydeleg og felles forståing av regionen sine utfordringar for næringsutvikling.
 - Utarbeide ein tydeleg regional næringsstrategi som legg til rette for å utvikle industri og næring med utgangspunkt i dei regionale styrkane og moegelegheitene som scenarioanalysen peikar på
 - Prioritere regionale satsingsområde, mål og strategiar innan industri og næring som gjer at regionen held på og utviklar sin konkurranseposisjon fram mot 2030. (Ref. scenarioar i analysen)
 - Avklare kva rolle regionen i fellesskap, gjennom regionrådet og andre regionale aktørar, skal ha for å følgje opp næringsstrategien
 - Skissere ei moeleg fordeling av ansvar og oppgåver mellom regionråd, kommunar, næringsliv, interesseorganisasjonar, næringsutviklingssselskap og kompetanseorganisasjonar i oppfølging av næringsstrategien
 - Utarbeide ein handlingsplan for 2022 med prioriterte prosjekt og prosessar som underbyggjer dei overordna satsingsområda og strategiane

- Handlingsplanen skal ha konkrete prosjekt/prosessar, ansvarleg prosjekteigar, finansiering og tidsplan.
 - Handlingsplanen blir revidert årleg - og vedtatt av regionrådet.
 - Vurdere om det skal vere indikatorar som viser korleis måla vert nådd.
-
- **Effekt mål**

Det skal leggest inn føringar og tydelege målsetjingar basert på tilrådingane frå analysen slik at strategien blir eit godt arbeidsverktøy for felles utvikling av region, kommunar og næringsliv. Sentrale suksessfaktorar i oppfølging av analysen:

 - Byggje ned identifiserte barrierar
 - Posisjonering – marknadsføring
 - Infrastruktur
 - One stop shop
 - Klynger, kapital og kompetanse
 - Rolle/ansvarsfordeling
-
- **Resultat mål**
 - Prosjektet er ferdig når næringsstrategien og handlingsplanen har vore til endeleg handsaming i Regionrådet
 - Det er ei målsetjing om vedtak innan 1. kvartal 2022

3. Framdrift og rapportering:

- Avklaring på mandat: Regionrådet 3. september 2021
- Arbeidsgruppa har fast rapportering til styringsgruppa i dei faste regionrådsmøta.
- Arbeid med strategidelen i arbeidsgruppe: September - november 2021
- Framlegg til næringsstrategi: Regionrådsmøte 3. desember 2021
- Innspelsrunde hjå kommunar, næringsliv, næringssekskap og aktuelle referansegrupper: Desember – januar 2022
- Handsaming av merknader til næringsstrategi: Februar 2022
- Arbeid med handlingsplan 2022: Desember – mars 2022
- Vedtak av regional næringsstrategi i Regionrådet: Mars/april 2022